


## Nytt kundemottak på Auto 88.

19.04.2017



Mai Lis ynskjer alle velkomne i nytt kundemottak.

**Auto 88 opna i dag nytt vare- og kundemottak. I påskeveka har tilsette på verkstaden jobba med ny innreiing. Skanken er flytta fram i lokale. Med dette fekk ein frigjort plass for kontor og merkantile tenester. Kundemottaket er triveleg med nye møblar og bladhyllje. All design går i Bosch sine blåfargar.**



Personalet samla i det nye kundemottaket. F.v: Anve Gausvik, Christian Stensletten, Øystein Haavik, Mai Lis Stensletten

Auto 88 har eit rikt og variert vareutval for bil, lastebilar og anleggsmaskinar. Det er sal av oljefiltre og oljeprodukt til bil og båt. Bak varehylla er det lager og varemottak, sentralt plassert i lokale ved skranken. For dei som treng nye dekk, har Auto 88 eit variert tilbod til konkurransedyktige prisar.

Sal av bensin og diesel frå Knaphus går godt. Prisen på drivstoff ligg fast gjennom heile veka. Det er med andre ord ikkje varierende prisar på måndagar og torsdagar slik det ofte er ved andre bensinutsal. Kortautomaten fungerer optimalt. Auto 88 har eit godt omdøme med mange faste og godt nøgde kundar.

Av tilsette i dag finn vi ein kontormedarbeidar i full stilling, tre faste mekanikarar og ein mellombels tilsett i jobbtrening.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal



Dagleg leiar, Anve Gausvik, er godt nøgd med drifta så langt og kan syna til eit godt tilbod av bilprodukt